



Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS
Nordkvingo
5981 MASFJORDNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/547 - 14/2014

Saksbehandlar:
Roald Kvingedal
roald.kvingedal@masfjorden.kommune.no

Dato:
05.05.2014

Melding om delegert vedtak - Opparbeiding av ny veg til Skjerjebakken gravplass - gnr 34/13 Hope

Delegeringssak:

Vedtak

Masfjorden kommune ved rådmannen viset til § 20-1 plan – og bygningslova, og godkjenner søknad om opparbeiding av ny veg, gnr 34/13, Hope. Søknad med vedlegg mottatt 25.04.14 vert godkjent på fylgjande vilkår:

- Det må sendast inn koordinatar på tiltaket for søknad om ferdigattest.
- Det skal gjevast ferdigattest før tiltaket kan takast i bruk.

Grunngjeving:

Søknaden er i trå med delegert vedtak sak nr 076/13, dispensasjon frå kommuneplan LNF etablering av ny veg gnr 34/13, Hope.

Den ansvarlege for tiltaket skal sjå til at arbeida blir gjennomført i samsvar med gjeldande lov og regelverk. Ikkje noko arbeid må utførast utover det som er omfatta av løyvet.

Dette løyvet, med dei kart og teikningar det vert vist til, skal alltid vera tilstade på byggeplassen. Eventuelle endringar må søkjast om og godkjennast av kommunen før dei kan gjennomførast

Ansvar og kontroll

Følgjande føretak har fått godkjent ansvarsrett:

Byggmester Bjørn Rune Kvinge, 5981 Masfjordnes, vert godkjent som ansvarleg SØK for tiltaket.

Frode Haugsvær Maskin AS, 5981 Masfjordnes, vert godkjent som ansvarleg PRO og UTF for heile tiltaket

Gebyr

Gebyrregulativet

Heimel.

Kommuneplanen 2012-2024

Delegert vedtak saknr 076/13

Klagerett.

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jfr. fvl. § 28. Klagefristen er 3 veker frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagd innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ynskjer. Klagen skal grunngjevast.

Bortfall av byggeløyve, PBL § 21-9:

Arbeid må vera sett i gang seinast 3 år etter at løyve er gjeve, elles fell løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeidet er innstilt i meir enn 2 år.

Med helsing

Terje Kallekleiv
Teknisk sjef

Roald Kvingedal
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur

Kopi til:

Masfjorden kyrkjelege fellesråd

5981

MASFJORDNES

Mottakere:

Byggmester Bjørn Rune Kvinge AS

Nordkvingo

5981

MASFJORDNES

Saksutgreiing:**1. Bakgrunn**

Saka gjeld søknad om etablering av ny veg til Skjerjebakken gravplass, gnr 34/13, Hope.


2. Uttale

Søknaden er nabovarsla, det er ikkje kome merknader på tiltaket.

3. Fakta

Søknaden gjeld søknad til etablering av ny veg til Skjerjebakken gravplass, gnr 35/5, Mjanger.

Det vart i delegert vedtak sak nr 076/13 gjeve dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen til etablering av ny veg.



Ny veg til Skjerjebakken

4. Vurdering

Rådmannen har ingen merknader til søknaden.

5. Konklusjon

Masfjorden kommune ved rådmannen viser til plan- og bygningslova §20-1, og godkjenner søknad om bygging av ny veg til Skjerjebakken gravplass gnr 34 bnr 3 og 13, Hope.